

Samandrag - Årsmelding 2015 for OIL / Orientering

Styret i gruppa har i 2015 vore:

Leiar: Per Harald Havnen Johansen

Kasserar og sekretær: Ragnhild Balsvik

Styremedlem: Kristin Löfgren

3 styremøter i løpet av 2015

Styret sitt arbeid:

Kartarbeidet og utstyr

Arbeidet med orienteringskartet Hatland er i all hovudsak fullført. Kartet fekk sin store test med 270 fornøgde bedriftsorienteringsløparar som deltok i løp på kartet den 19 august.

Endeleg godkjenningssprosess for kartet vert ferdig tidleg i 2016. Gruppa har fått tilsagn om spelemidlar for kartet på kr 37 000.

O-gruppa har avtale med kommunen om gratis utlevering av kommunale kartdata. Per Harald har fått dette for eit område på Vare og i Valestrandmarka. Begge desse områda fekk midlertidige treningskart i 2015.

Vi investerte om lag 40 000 kr i utstyr i 2015.

Aktivitet: eigne arrangement

- Nybyrjarkurs i april over 3 kveldar med ca 15 deltakarar.
- Osterøykarusell med 6 løp på 4 ulike kart: Hatland, Hosanger, Vare og Valestrandmarka. Til saman 30 ulike personar deltok, med til saman ca 100 startar.
- Tur-orientering: i alt 40 postar satt ut på Hatland og i Hosanger. Vi har seld omtrent 30 posar med tur-orienteringskart.
- Vi stilte 1 lag på Kompisstafetten i Samnanger og 1 guttelag på KM stafett.
- 1 ny gutteløpar deltok på løp utanfor Osterøy (Fredrik Blichfeldt).
- Magnus Gjerstad deltok på Hovedløpet for 14-16 åringar i Larvik.
- Familien Balsvik/Gjerstad med til saman om lag 50 startar i løpet av sesongen.

Vurdering av aktivitet og medlemstal i forhold til mål

Aktiviteten er i samsvar med planar for 2015, men talet på medlemmer er det ikkje. Vi har ikkje krevd inn treningsavgift i 2015, men reknar med eit medlemstal på 11, 5 av desse under 15 år.

Økonomi

O-gruppa har klart å få fleire tilskot frå O-kretsen og NOF i 2015, delvis som støtte til nystarta klubb. Slike tilskot til oppstart kan vi ikkje rekne med å få i 2016. Vi har ikkje lukkast med å få lokale bedrifter til å støtte gruppa, dei fleste seier dei allereie er sponsor for andre grupper. Til tross for dette gjekk o-gruppa ut av 2015 med 45 000 kr på bok.

Skrivar: Ragnhild Balsvik

11 februar 2016